



Regional
kulturskrets

FORSLAG TIL VEDTEKTER FOR VESTLAND KULTURKRETS

1. Formål

Formålet med Vestland Kulturskrets er å styrke dei frivillige kulturorganisasjonane i Vestland økonomisk, organisatorisk, kompetansemessig og kulturpolitisk.

Kulturskretsen skal arbeide for å styrke rammevilkåra for det frivillige kulturlivet og vere ein aktiv aktør i utvikling av regional og nasjonal kulturpolitikk.

2. Funksjon

Kulturskrets Vestland skal etablere eit sterkt fellesskap, synleggjere og skape enklare kvardag for dei regionale frivillige kulturorganisasjonane, og arbeide fram auka kunnskap om det frivillige kulturlivet i fylket. Kulturskretsen skal:

- a. Arbeide for å opprette eit sekretariat som er finansiert av offentlege midler.
- b. Arbeide for betre finansiering av dei frivillige kulturorganisasjonane i Vestland.
- c. Vere eit kulturpolitisk samarbeidsforum og ein verkstad for dei regionale frivillige kulturorganisasjonene, og arbeide med saker som løfter heile det frivillige kulturlivet i fylket.
- d. Vere eit talerøyr for det frivillige kulturlivet i dei sakene som står på agendaen i kulturskretsen.
- e. Samle og formidle kunnskap om det frivillige kulturlivet og kulturorganisasjonane sine behov.

- f. Vere aktivt med i samarbeid om fordeling av regionale kulturmiddel og utvikling av dei øvrige kulturpolitiske verkemidla.

3. Organisasjonsform

Kulturkrets Vestland er ein sjølvstendig og frivilleg organisasjon, stifta 7.12.2024, registrert i Frivilligregisteret og i Einingsregisteret i Brønnøysund, med organisasjonsnummer (.....)

Kulturkrets Vestland er ei sjølveigane og frittstående juridisk eining med upersonlig og avgrensa ansvar for gjeld.

4. Definisjonar

4.1 Regional frivillig kulturorganisasjon

Med ein regional frivillig kulturorganisasjon meiner vi i denne avtalen ei foreining, stifting, organisasjon, eit nettverk eller ein paraply som er registrert i Frivillighetsregisteret, og som har musikk, scenekunst, dans, teater, visuell kunst, litteratur, dataspel, film og kulturarv som eit eller fleire av sine hovudformål¹. Dei regionale organisasjonane kan ha eitt eller fleire fylke som sitt definerte geografiske virkeområde, eller verke i delar av eitt fylke (meir enn ein kommune). Ein organisasjon som berre har ein kommune som virkeområde, er ikkje ein regional organisasjon.

4.2 Regional kulturkrets

Med ein regional kulturkrets meiner vi i denne avtalen eit regionalt kulturpolitisk samarbeidsforum og verkstad for alle regionale frivillige kulturorganisasjonar i fylket som har meldt seg inn i kretsen.

Kulturkretsen skal være ein kanal inn til det frivillige kulturlivet i fylket og eit talerøyr i dei sakene som medlemmene er samde om. Kulturkretsen skal samle og dele kunnskap om det frivillige kulturlivet i fylket.

5. Deltakarane i kulturkretsen

¹ Sjå definisjon av "kulturfrivilligheten" som er brukt i «Rom for deltakelse - Regjeringens kulturfrivillighetsstrategi»
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rom-for-deltakelse-regjeringens-kulturfrivillighetsstrategi-2023-2023/id2974198/?ch=1>

Deltakarane i kulturkretsen er medlemmene og observatørane.

Alle regionale frivillige kulturorganisasjonar (sjå definisjon i punkt 3) som har aktivitet i Vestland fylke, kan bli medlem i Kulturkrets Vestland. Nasjonale frivillige kulturorganisasjonar som ikkje har regionledd i Vestland, kan bli representert i Kulturkretsen av ein felles representant for organisasjonen sine lokallag, som observatør.

Frivillige regionale organisasjoner i Vestland fylke som er registrerte i Frivillighetsregisteret og driv med kulturaktivitetar i fylket og som stiller seg bak kulturkretsen sitt formål, men ikkje har kultur som sitt hovedformål, kan delta i Vestland Kulturkrets som observatørar.

Medlemskapet er gratis.

6. Styret for Kulturkretsen

Kulturkretsen skal ha eit styre med minst seks personar: Ein leiar, nestleiar og minst fire styremedlemmer. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er til stades.

Leiar og nestleiar har signaturrett saman.

Styret skal søkje og ta avgjerder ved konsensus. Om styret ikkje får konsensus, vert det halde avstemning. Kvart styremedlem har ei stemme.

Styret har ansvaret for følgjande:

- a. Godkjenning av nye medlemsorganisasjonar og observatørar i kulturkretsen.
- b. Etablere og motta finansiering for eit sekretariat som mellom anna skal:
 1. Oppdatere medlemslister og rekruttere nye medlemmer til kulturkretsen.
 2. Halde kontakt med fylkeskommunen og andre relevante offentlege og private aktørar som er viktige for det frivillige kulturlivet sine rammevilkår i fylket.
 3. Halde medlemsorganisasjonane oppdaterte om kulturkretsen sitt arbeid og orientere løpande om kontakten med fylkeskommunen og andre aktørar.

4. Hente inn medlemmene sine synspunkt på viktige saker i godt førebudde fysiske eller digitale møter.
5. Kartlegge det frivillige kulturlivet i fylket for å skape oversyn over tal, behov, visjonar, utbreiding, aktivitetar, arrangement m.m.
6. Kartlegge inntektskjelder til det frivillige kulturlivet i regionen.
7. Søkje økonomisk støtte til drift av kulturkretsen.
8. Utarbeide handlingsplan for å følgje opp strategiar og planar som årsmøtet eller styret har vedteke, og gjennomføre tiltak som styret vedtek for å følge opp handlingsplanen.
9. Etablere gode dialogar med sentrale samarbeidsaktørar regionalt og nasjonalt.

7. Medlemsorganisasjonane sine plikter og rettar

Medlemsorganisasjonane må dele informasjon om tal på deltakarar/medlemmar, arrangement, aktivitet m.m. i fylket kvart år, og bidra til at mangfaldet og deltakinga i det frivillige kulturlivet vert kartlagt.

Kvar medlemsorganisasjon skal nemne opp ein representant og ein vararepresentant, som deltek på organisasjonens sine vegner i kulturkretsen. Organisasjonen sitt styre må gje representanten og vararepresentanten fullmakt til å bidra i avgjerdssprossar på organisasjonen sine vegner i Kulturkretsen.

Medlemsorganisasjonen sin representant i kulturkretsen har ansvar for organisasjonen sin kontakt med kulturkretsen, inklusivt deltaking i kretsen sine medlems- og årsmøte. Representanten må sjølv kalle inn sin vara dersom ho/han er forhindra frå å delta i møte eller sprossar. Representanten har også ansvaret for å vidareformidle informasjon frå kulturkretsen til sin vara.

Medlemsorganisasjonen sin representant har dessutan ansvar for å vidareformidle all informasjon frå kulturkretsen til styret og evt. andre i eigen organisasjon.

Medlemsorganisasjonane har ansvaret for å opplyse kulturkretsen sitt styre om

kontaktinformasjon til sin representant og vararepresentant i kulturkretsen.

Medlemsorganisasjonane kan når som helst setje inn ein ny person som representant eller vara.

8. Observatørane sine plikter og rettar

Kvar observatør skal oppnemne ein representant og ein vararepresentant, som deltek på organisasjonen sine vegner i kulturkretsen.

Observatøren sin representant i kulturkretsen har ansvar for kontakten med kulturkretsen, og er den som deltek i kulturkretsen sine møte og årsmøte på vegne av observatørorganisasjonen. Representanten må sjølv kalle inn sin vara dersom representanten er forhindra frå å delta i møte eller prosessar. Representanten har ansvar for å vidareformidle informasjon frå kulturkretsen til sin vara.

Observatørane har ansvaret for å opplyse kulturkretsen sitt styre om kontaktinformasjon til sin representant og vararepresentant i kulturkretsen, og kan når som helst setje inn ein ny person som representant eller vararepresentant.

8. Årsmøte

Årsmøte i Kulturkrets Vestland skal haldast innan utgangen av februar månad kvart år. Innkalling skal sendast til deltakar- og observatørorganisasjonar seinast seks veker før årsmøtet. Frist for forslag og nominasjon av styrekandidatar skal vere minst to veker før årsmøtet.

Medlemsorganisasjonar har tale-, forslags- og stemmerett på årsmøtet.

Observatørorganisasjonar har talerett.

Årsmøte i kulturkretsen skal handsame:

- Styret si årsmelding om aktiviteten i kretsen siste år.
- Styret sin årsrapport med årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Planar for neste års aktivitetar og prioritering av politiske saker.
- Budsjett for drift av kulturkretsen komande år.
- Innkomne saker – foreslått av styret eller deltakarorganisasjonar.

- Val av styre for kulturkretsen.
- Val av valkomitè og revisor.

Kulturkretsen skal søkje å ta avgjerder ved konsensus. Om det ikkje er mogleg, skal det haldast avstemning. Ved avstemning har kvar medlemsorganisasjon ei stemme. Organisasjonar har ei tilleggsstemme når dei har fleire enn fem foreiningar/organisasjonar som medlemmer, eller meir enn 150 personar som medlemmer.

Grunnlaget for tildeling av stemmer skal vere medlemsorganisasjonen si årlege innrapportering av medlemmer. Dersom ein medlemsorganisasjon ikkje har opplyst om medlemstal innan fristen, har medlemmet berre ei stemme det året.